

# ÅRSMELDING GOL SKULE OG SFO 2015

## Kommuneplanen sin tekstdel – revidert [K-sak 57/2011](#)

### Læringsmiljø

- God grunntidning og livslang læring skal sikre velferd og livskvalitet for innbyggjarane i kommunen.
- Eit godt barnehage- og skuletilbod skal sikre kvalifisering til vidare utdanning og yrkesliv/ arbeidsliv.
- Det skal leggjast til rette for eit inkluderande læringsmiljø med rom for mangfald slik at alle kan oppleve meistring, utvikling og vekst i eit stimulerande miljø.
- God fagkompetanse i barnehage og skule skal sikrast ved aktive rekrutteringstiltak.

### Kompetanseheving og fagmiljø

- Gol kommune vil arbeide for at kunnskapsbedrifter og fagmiljø skal kunne etablere seg i kommunen.
- Kommunen vil vera med å leggja til rette for at vidareutdanning og kompetanseheving skal vera tilgjengeleg for alle.
- Gol kommune skal leggja til rette for kompetanseheving for alle sine tilsette.

## Felles plattform for læring og mestring

Reviderte mål for grunnskulen i Gol vart vedteke i Kommunestyret 22.11.2011 – [K.sak 57/2011](#).

Det var 3 hovudområde for målsetjingane:

- Læringsresultat
- Læringsstrategiar
- Læringsmiljø

Skulane rapporterte for fyrste gong på desse måla i Tilstandsrapporten 2012. Ei tilsvarande rapportering er lagt fram til politisk handsaming hausten 2014. I årsmeldingane blir det på områda Teneste/aktivitet vist til denne tilstandsrapporten.

## Gol skule med alle avdelingar (Utval for Kultur og Levekår)

### Ansvarsområde – storleik på avdelinga og fråvær 2015

| Ansvar | Ansvarsbegrep    | Evt. endringer | Stillingsh.<br>(2015) | Fråvær<br>2015 |
|--------|------------------|----------------|-----------------------|----------------|
| 3111   | Gol skule og SFO |                | 47,19                 | 2,3 %          |
|        |                  |                | <b>47,19</b>          | <b>2,3 %</b>   |

## Utvikling av løn korrigert for refusjonar sjukefråvær (heile 1.000 kr)

|           | 2010   | 2011   | 2012   | 2013   | 2014   | 2015   |
|-----------|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| Netto-løn | 24.282 | 25.372 | 27.245 | 27.678 | 27.641 | 27.674 |

Tala er korrigert for åra før 2014 slik at dei inkluderer Herad skule

## Fordeling – rekneskapsartar (heile 1.000 kr)

| Tekst            | R 2014        | Just B2015    | R 2015        |
|------------------|---------------|---------------|---------------|
| Sum driftsutg.   | 31.553        | 31.958        | 31.350        |
| Sum driftsinnt.  | -2.475        | -1.847        | -2.619        |
| Netto finansutg. | -168          | -             | -215          |
| <b>NETTOUTG.</b> | <b>28.910</b> | <b>30.111</b> | <b>28.516</b> |

## Avvik – rekneskap og fråvær

### Rekneskap

- Gol skule og SFO hadde i 2015 eit underforbruk på noko over 1,5 mill. i forhold til budsjett. Ei forklaring på noko av dette er at me dette året har hatt nesten 8 årsverk der tilsette har hatt ei lønn som er lågare enn det er budsjettert med i heimelen. Dette er f.eks tilsette utan godkjent utdanning eller under utdanning, noko er unge med låg ansiennitet.
- På posten «refusjon og tilskot» er det kome inn ca. 700.000 kr meir enn det som er budsjettert.
- Posten «pensjonsinnskot KLP» er budsjettert med 300.000 kr meir enn det som har gått ut.
- Inntektene frå foreldrebetaling på SFO var omtrent som stipulert i budsjettet, ca. 50.000 kr over.

## Mål og måloppnåing 2015

| Administrative mål                                       | Mål i ord / utfyllande kommentarar   | Årsak til avvik   |
|--|--|---|
| Læringsresultat<br>Læringsstrategiar<br>Læringsmiljø     | Tilstandsrapporten for 2015 rapportere på desse områda.  |   |
| Godt samarbeid med og mellom foreldra i den nye skulen   | Foreldra i den nye organisasjonen samarbeider godt med skulen og med kvarandre   | Ikkje målt i undersøkingar eller på annan måte. Inntrykket er at alle har lagt godvilja til.                              |
| Ivareta tilsette i samanslåingsprosessen                 | Alle tilsette skal kjenne seg ivaretatt i samanslåingsprosessen og alle skal kjenne seg inkludert i den nye organisasjonen |   |
| Kontroll med sjukefråvær i prosessen med omorganiseringa | Sjukefråværet ved Gol skule er stabilt lågt.   |   |
| Utvikle kompetansen i personalet                         | 1 lærar årleg bør ta vidareutdanning   |   |
| Kompetanse   | Alle lærarar må ha pedagogisk kompetanse   | Skulen har hatt 4 tilsette som er i ferd med å fullføre utdanning.  |
| Felles løft for tidleg innsats                           | Alle tilsette skal få auka kunnskap i språkutvikling, språkvanskar og heilheitleg leseopplæring.                           | Arbeidet er i gang. Dette året er det arbeidd med språkvanskar og språkutvikling. Heilheitleg leseutvikling står for tur. |

## Administrative mål og tiltak 2016

### Personal

- Mål: Skuleåret 2015 – 2016 skal tilsette på Gol skule, Gol ungdomsskule og Gol kulturskule bli godt kjent med kvarandre.  
Tiltak: Arbeid i nettverk og praktisk arbeid med innflytting og opning av ny skule
- Mål: Sjukefråværet bør ikkje auke som følge av overgang til ein ny skule  
Tiltak: Alle tilsette må kjenne ansvar for å oppretthalde trivsel og eit godt arbeidsmiljø

### Organisasjon

- Mål: Organisasjonen nye Gol skule skal fungere godt frå 1. august 2016.  
Tiltak: Leiinga på skulane må samarbeide med skulefagleg rådgjevar og kommune-leiinga for å drøfte og klargjere vanskelege saker i god tid.

## Kompetanse

- Rekruttere lærarar med god fagkompetanse

Mål: Alle lærarar bør ha pedagogisk kompetanse

Tiltak: Skulen i Gol må marknadsføre nytt skulebygg ved rekruttering av nye lærarar

- Utvikle kompetansen i personalet

Mål: 1 lærar årleg bør ta vidareutdanning

Tiltak: Tilby støtte til vidareutdanning

## Teneste/aktivitet

- Felles løft for tidleg innsats – steg 3 for skulen. Dette er fagleg satsingsområde for barnetrinnet inneverande og neste skuleår

Mål: Alle tilsette skal få auka kunnskap i språkutvikling, språkvanskar og heilheitleg leseopplæring

Tiltak: Felles opplæring for alle, opplæring av ressurspersonar og bruk av handlingsplanar for gjennomføring skal sikre kompetanseheving og utprøving av ny kunnskap

Sjå for øvrig Tilstandsrapporten K-sak 64/1

## Utfordringar i 2016

- Etablere eit godt arbeidsmiljø og læringsmiljø i ein ny organisasjon.
- Utnytte moglegheitane eit nytt skulebygg gir, til beste for elevar og tilsette.

Morten Svengård